



## Friluftsbarmeter 2024 – utdrag frå målinga

Forum for natur og friluftsliv (FNF) Møre og Romsdal har med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune utarbeida eit friluftsbarmeter. Barometeret skal gi ein peikepinn på i kva stor grad kommunane legg til rette for friluftsliv.

### Molde og Fjord er dei beste friluftslivskommunane i Møre og Romsdal 2023-24


På den første friluftsbarmetermålinga er Molde (73 poeng) kommunen med flest poeng i fylket basert på 10 indikatorar relatert til friluftsliv. Molde skåra mellom anna høgt på utlånsordningar av friluftsutstyr og at dei har fullført plan om friluftslivets ferdselsårer.

Med 63 poeng kom Fjord kommune på andreplass i friluftsbarmeteret. Vestnes og Rauma følgjer tett etter med 62 poeng på delt tredje plass. Fjord kommune skåra høgst på Sunnmøre medan Tingvoll kommune (57) har høgast poengsum av kommunane på Nordmøre. Stranda kommune (60p) har høgast poengsum for kommunane på Søre Sunnmøre.

Dei fleste kommunane samla seg rundt ein middelvei med små skilnader etter oppsummering av dei 10 indikatorane. Under enkelte indikatorar kjem skilnadane meir tydeleg fram.

Haram vart eigen kommune frå 1.1.2024 og manglar difor reelle målingar på nokre indikatorar.

Tal i denne oppsummeringa er døme på funn frå indikatorar friluftsbarmeteret.



Kjelde: Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024, Forum for natur og friluftsliv (FNF) Møre og Romsdal



## Oppsummering Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024

### Friluftsbarmeter Møre og Romsdal, resultat måling 2024:

Kommune	1. Stiar og turveggar	2. Gang- og sykkelveggar	3. Trygg tilgang til rekreasjonsareal og nærturterreng	4. Statleg sikra friluftsområde	5. Strandsonareal	6. Friluftslivets ferdsselsårer	7. Medlem friluftsråd	8. Medlem i friluftsforskningsorganisasjonar	9. Utlånsordningar friluftsutstyr	10. Turpostbrukarar; her StikkUT!	Poeng totalt
	Areal					Plan		Aktivitet			
Molde	5	5	6	5	5	10	10	7	10	7	73
Fjord	7	5	6	2	9	5	10	8	5	5	63
Vestnes	7	5	7	8	6	5	10	4	5	4	62
Rauma	7	6	4	2	7	5	10	10	5	5	62
Aukra	2	9	8	3	7	0	10	4	5	8	60
Stranda	7	4	7	4	9	5	10	6	5	2	60
Ålesund	4	2	7	6	2	5	10	6	10	5	58
Vanylven	7	3	4	0	7	5	10	7	5	4	57
Tingvoll	7	7	6	2	5	5	10	7	0	7	57
Averøy	5	2	9	4	6	5	10	5	5	5	57
Surnadal	7	3	8	3	5	0	10	8	5	4	57
Volda	6	3	4	3	9	5	10	6	10	1	57
Hustadvika	7	6	5	3	6	0	10	6	5	6	56
Ulstein	3	6	4	1	7	5	10	7	5	5	56
Gjemnes	7	4	4	3	7	0	10	10	0	7	56
Kristiansund	2	3	8	5	5	5	10	5	5	7	55
Sula	3	4	7	2	7	0	10	2	10	6	54
Sykkylven	4	2	5	4	7	5	10	6	5	4	53
Sunnadal	7	4	6	3	6	0	10	6	5	3	52
Herøy	3	4	8	3	3	5	10	5	5	4	52
Smøla	4	1	6	0	5	10	10	5	0	6	51
Hareid	3	4	5	2	9	5	10	4	0	5	50
Ørsta	6	3	3	2	7	5	10	4	5	2	48
Giske	2	4	4	0	9	5	10	3	5	4	47
Aure	7	2	7	3	4	0	10	9	0	3	45
Sande	5	2	7	0	7	0	10	3	0	4	43
Haram*	5	3	6	1	0	0	10	1	5	0	34

\*Haram og Ålesund fekk nye kommunegrenser frå 1.1.2024. Nokre av indikatorane kan derfor ikkje oppdaterast for desse to kommunane.

Poengskala
0
1
2
3
4
5
6
7
8
9
10

I fargeskalaen er 0-3 poeng merka raudt, 4-6 gult og 7-10 grønt.



## Oppsummering Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024

**Indikator 1: Fjord kommune har flest sti- og turvegar per innbygger**

Fjord kommune har flest meter med sti- og turvegar per innbygger. Aure har 325 meter per innbygger, medan Tingvoll kommune følger med 225 meter per innbygger. Gjemnes og Surnadal kommune følger med 210 meter per innbygger.


Dei største byane kjem dårlegast ut på denne indikatoren. Molde har 47 meter sti- og turvegar per innbygger. Ålesund har 14 meter per innbygger og Kristiansund ligg heilt nedst på lista med 8 meter per innbygger.

Sti og traktorvegar; meter per innbygger	
Kommune	Meter
Fjord	325
Tingvoll	225
Gjemnes	210
Surnadal	210
Aure	192
Rauma	174
Sunndal	163
Vanylven	162
Stranda	114
Vestnes	96
Sande	89
Smøla	88
Hustadvika	83
Volda	79
Ørsta	77
Averøy	68
Haram	49
Molde	47
Sykkylven	44
Hareid	40
Herøy	31
Ulstein	29
Aukra	29
Sula	22
Giske	17
Ålesund	14
Kristiansund	8



## Oppsummering Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024

### 1. Poeng for sti-traktorveg (FKB-data)




Kjelde: FKB sti/traktorveg - Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024

### Indikator 2: Aukra har ni meter gang- og sykkelveg per innbyggjar

Gang- og sykkelveg er viktige for trygg tilkomst og nærfriluftsliv for alle. Det er i snitt fire meter gang- og sykkelveg per innbyggjar i Møre og Romsdal. Aukra har 9,4 meter gang- og sykkelveg per innbyggjar, medan Tingvoll kommune har 7,2 meter per innbyggjar. Av dei tre største byane i fylket har Molde mest gang- og sykkelveg per innbyggjar (5,5 meter).

### 2. Gang- og sykkelveg per innbyggjar i km



Kjelde: Statens kartverk - Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024

### Indikator 3: Trygg tilgang til rekreasjonsareal og nærturterreng


84 % av busette i tettbygde strøk i Averøy har trygg tilgang til rekreasjons- og nærturterreng. Etter Averøy følger Kristiansund (77 %) og Aukra (76 %). I Ørsta har berre 29 % av busette i tettbygde strøk trygg tilgang til rekreasjons- og nærturterreng.

Kommunar med få eller ingen tettbygde strøk kan komme skeivt ut i denne målinga. Smøla har derfor fått ein estimert middelværdi på denne indikatoren. For 2024 har òg Haram fått tildelt ein middelværdi.



## Oppsummering Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024

### 3. Trygg tilgang til rekreasjonsareal og nærturterreng i prosent



Kjelde: SSB - Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024

#### Indikator 4: Vestnes har flest statleg sikra friluftsområde per innbyggjar

Statleg sikring er eit verktøy for å sikre tilgjengeleg friluftsansvar for alle. I Møre og Romsdal har Ålesund flest statleg sikra område (23) etterfølgd av Kristiansund (16), Molde (15) og Vestnes (14). Målt i dekar har Molde størst areal med statleg sikring (13 822da).

Vestnes har flest statleg sikra område per innbyggjar (1,96 per tusen innbyggjarar).

Totalt er det 156 statleg sikra område i Møre og Romsdal.


Statleg sikra friluftsområde i Møre og Romsdal 2023				
Kommune	Statleg sikra friluftsområde totalt	Dekar statleg sikra område		Statleg sikra område per innbyggjar
Ålesund	23	3022	da	0,39
Kristiansund	16	6586	da	0,66
Molde	15	13822	da	0,46
Vestnes	14	410	da	1,96
Volda	8	106	da	0,72
Hustadvika	8	344	da	0,60
Sykkylven	7	93	da	0,92
Averøy	7	815	da	1,18
Herøy	6	21	da	0,67
Ørsta	6	321	da	0,55
Stranda	6	136	da	1,38
Sula	5	162	da	0,51
Sunndal	5	40	da	0,69
Surnadal	5	7900	da	0,84
Hareid	4	49	da	0,75



### Oppsummering Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024

<b>Ulstein</b>	3	236	da	0,34
<b>Rauma</b>	3	116	da	0,41
<b>Aukra</b>	3	1235	da	0,82
<b>Gjemnes</b>	3	119	da	1,11
<b>Aure</b>	3	85	da	0,88
<b>Tingvoll</b>	2	173	da	0,66
<b>Fjord</b>	2	9	da	0,80
<b>Haram</b>	2	60	da	0,21
<b>Vanylven</b>	0	0	da	0,00
<b>Sande</b>	0	0	da	0,00
<b>Giske</b>	0	0	da	0,00
<b>Smøla</b>	0	0	da	0,00
<b>Totalt</b>		<b>35857</b>	<b>da</b>	

Kjelde: Miljødirektoratet - Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024



### Indikator 5: Tusen dekar mindre tilgjengeleg strandsone på tre år


Møre og Romsdal mista 1.051 dekar potensielt tilgjengeleg strandsoneareal i perioden 2020-2023. Det tilsvara 0,26 prosent av fylket sin totale strandsone.

Mest areal har forsvunne frå Ålesund kommune, der det no er 133 dekar mindre strandareal til allmenn bruk enn for tre år sidan. Herøy kommune har mista 124 dekar. Kommunane Hareid, Stranda og Giske tapt om lag fire dekar kvar i same tidsrom.



## Oppsummering Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024

### 5. Tap av potensielt tilgjengeleg strandsoneareal i da



Kjelde: SSB - Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024


### Indikator 6: Smøla og Molde ligg fremst i arbeidet med friluftslivets ferdselsårer

Molde og Smøla kommune har kome lengst i arbeidet med friluftslivets ferdselsårer. Kommunane er dei einaste i fylket som har vedtatt plan for friluftslivets ferdselsårer i kommunestyret og fått tilsegn frå støtteordninga i fylkeskommunen.

16 kommunar har søkt midlar frå støtteordninga i Møre og Romsdal fylkeskommune og er såleis i gang med arbeidet med friluftslivets ferdselsårer.

Ni kommunar har så langt ikkje søkt om midlar i støtteordninga.

### 6. Poeng for status på arbeid med friluftslivets ferdselsårer



Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune/Sunnmøre friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal - Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024

## Indikator 7: Alle kommunar i fylket er medlem av friluftsråd

Alle kommunar i Møre og Romsdal er per i dag medlem i eit friluftsråd. Dette syner at kommunane ønsker å prioritere friluftsliv og at friluftsråda sitt arbeid står sterkt i Møre og Romsdal. På landsbasis er det større variasjonar. Medlemskap er uansett relevant i ei tid der kommuneøkonomien er stram og nytte av ulike interkommunale medlemskap tidvis vert diskutert.




Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune/Sunnmøre friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal - Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024

## Indikator 8: Gjemnes flest medlemmar i frilufsorganisasjonar

Gjemnes kommune har høgast del innbyggjarar med medlemskap i frilufsorganisasjonar. 132 per 1000 innbyggjar er medlem i DNT, 4H, speidargruppe og/eller ei Jeger- og fiskeforening. Rauma kommune følger tett etter med 130 medlemmar per 1000 innbyggjar.

Haram kommune ligg nedst med 5 medlem per 1000 innbyggjar, men har ikkje oppdaterte tal grunna ny kommune frå 1.1. 2024. Sula har 16 medlemmar per 1000 innbyggjar.

For resten av kommunane er mellom 35 og 118 per 1000 innbyggjar medlem i ein frilufsorganisasjon, så spriket på dette punktet er nokså stort. Her spelar både lokale tilbod og generell interesse inn.



Kjelde: Telemarksforskning - Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024




## Indikator 9: 22 kommunar i fylket har utlånstnad for friluftsutstyr

Tilgang til lån av utstyr gjer at fleire kan drive friluftaktivitet. I Møre og Romsdal er det 28 utlånstadar for friluftsutstyr. Dette er gratis utlån privatpersonar kan nytte seg av.

Kommunane Molde, Ålesund og Sula har tre utlånstadar kvar, Volda har to. Sande, Hareid, Gjemnes, Tingvoll, Smøla og Aure har ingen slike utlånstadar, medan dei andre kommunane har minst ein utlånstnad.

Fleire av kommunane som manglar utlånstnad, seier dette er noko dei arbeider med å få til.



Kjelde: Kommunane, Bua og friluftsråda - Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024

## Indikator 10: Ein av fem innbyggjarar i Aukra, Gjemnes og Tingvoll går Stikk UT!

I Møre og Romsdal går 15 prosent av innbyggjarar Stikk UT! Sikk UT! er dermed det viktigaste folkehelseiltaket i fylket. Stikk UT! er organisert av friluftsråda, der alle kommunane i fylket no er medlemmar.

Tal for aktive brukarar i Stikk UT! sommar 2023 viser at 21,9 prosent av innbyggjarane i Aukra går Stikk UT!. Gjemnes og Tingvoll følger tett på med 19,6 og 19,1 prosent aktive Stikk UT-brukarar, altså nær ein femtedel innbyggjarane.

5,1 prosent av innbyggjarar nytta Stikk UT! vinter sesongen 2023/2024. Folk frå Vanylven var mest aktive med 6,7 prosent aktive brukarar.

I poengfordeling for Friluftsbarmeteret er StikkUT! sommar vekta 0,7 og StikkUT! vinter vekta 0,3.



## Oppsummering Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024

Aktive StikkUT! -brukarar i prosent av innbyggjarar					
Kommune	Poeng	Stikk UT! sommar	Delpoeng sommar	StikkUT! vinter	Delpoeng vinter
Aukra	8	21,9	10	5,5	5
Molde	7	18,1	9	4,5	4
Gjemnes	7	19,6	9	4,5	4
Kristiansund	7	18,1	9	3,8	3
Tingvoll	7	19,1	9	2,9	2
Smøla	6	17,2	8	4,4	4
Sula	6	16,9	8	3,4	3
Hustadvika	6	16,1	8	3,2	3
Ulstein	5	12,3	6	3,2	3
Hareid	5	13,6	6	3,4	3
Ålesund	5	13,4	6	3,0	2
Rauma	5	12,6	6	2,4	2
Averøy	5	12,1	6	2,4	2
Fjord	5	12,3	6	2,5	2
Sande	4	11,0	5	5,9	5
Surnadal	4	11,1	5	5,0	4
Herøy	4	11,1	5	2,7	2
Sykkylven	4	11,6	5	2,0	2
Vestnes	4	10,2	5	2,1	2
Vanylven	4	9,7	4	6,7	6
Giske	4	10,2	5	1,9	1
Aure	3	9,5	4	1,5	1
Sunndal	3	7,7	3	3,7	3
Stranda	2	7,0	3	1,0	1
Ørsta	2	4,1	2	1,7	1
Volda	1	2,8	1	0,8	0
Haram*	0	0,0	0	3,8	3

Kjelde: StikkUT! (Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal og Sunnmøre friluftsråd) - Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024



Oppsummering Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024

## Friluftsbarmeter Møre og Romsdal

Friluftsbarmeter Møre og Romsdal vert i oktober 2024 lansert som det første fylkesdekkande Friluftsbarmeteret i landet.

Klikk deg inn på [Friluftsbarmeter - Møre og Romsdal \(fnf-nett.no\)](https://fnf-nett.no) for meir informasjon om Friluftsbarmeteret og målingane bak Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024.

### **Ved spørsmål, ta kontakt med oss i styringsgruppa for Friluftsbarmeter Møre og Romsdal:**

Linda Bakken; koordinator prosjekt Friluftsbarmeter;  
Mail [linda@friluftstraadet.no](mailto:linda@friluftstraadet.no); mobil 915 70 094

Ingbjørn Bredeli, koordinator Forum for friluftsliv Møre og Romsdal;  
Mail [ingbjorn.bredeli@fnf-nett.no](mailto:ingbjorn.bredeli@fnf-nett.no); mobil 464 31 427

Ola Fremo; dagleg leiar Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal;  
Mail [ola.fremo@friluftstraad.no](mailto:ola.fremo@friluftstraad.no); mobil 957 32 511

Anne Berit Støyva Emblem, dagleg leiar Sunnmøre friluftsråd;  
Mail [anne.emblem@friluftstraadet.no](mailto:anne.emblem@friluftstraadet.no); mobil 908 15 035

Maria Holo Leikarnes; dagleg leiar DNT Romsdal;  
Mail [maria.holo.leikarnes@dnt.no](mailto:maria.holo.leikarnes@dnt.no); mobil 415 53 367